

Møteinnkalling

Utval: Stølsheimen verneområdestyre
Møtestad: Digitalt møte, Teams
Dato: 17.02.2021
Tidspunkt: 09:00

Møtet vert gjennomført digitalt som eit Teams-møte på grunn av smittevernreglane i koronasituasjonen.

Eventuelt forfall må meldast snarast på tlf. 99499753 eller på e-post fmsfano@statsforvalteren.no. Vararepresentantar møter etter nærare beskjed.

Saksliste

Utvals- saksnr	Innhald	Lukka	Arkiv- saksnr
ST 1/21	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 2/21	Val av styremedlem til å skrive under protokollen		
ST 3/21	Orienteringar og referatsaker <ul style="list-style-type: none">- Fotokonkurransse i samband med 30- års jubileum og anna markering- Årshjul- Møtedatoar 2021		
RS 1/21	Delegering av myndighet etter naturmangfoldloven til statsforvalterne og nasjonalpark- og verneområdestyrer		2020/17622
RS 2/21	Spørsmål om tursamarbeid i Stølsheimen		2021/489
ST 4/21	Saksframlegg - Stølsheimen landskapsvernområde - utbetring av sti - Hallsetstølen til Øvre Berdalsvatnet		2020/18946
ST 5/21	Saksframlegg - Stølsheimen landskapsvernområde - Helledalen - istandsetting av bru - motorferdsel		2021/1968
ST 6/21	Saksframlegg - Stølsheimen landskapsvernområde - kvisting av skiløype i Stølsheimen og motorisert ferdsel i samband med kvisting		2021/1413
ST 7/21	Stølsheimen verneområdestyre - prioritering av tiltak og bruk av tiltaksmidlar 2021		2020/17392

ST 1/21 Godkjenning av innkalling og dagsorden

ST 2/21 Val av styremedlem til å skrive under protokollen

ST 3/21 Orienteringar og referatsaker

RS 1/21 Delegering av myndighet etter naturmangfoldloven til statsforvalterne og nasjonalpark- og verneområdestyrer

RS 2/21 Spørsmål om tursamarbeid i Stølsheimen



Arkivsaksnr: 2020/18946-0

Sakshandsamar: Anbjørg Nornes

Dato: 28.01.2021

Utval	Utvalssak	Møtedato
Stølsheimen verneområdestyre	4/21	17.02.2021

Saksframlegg - Stølsheimen landskapsvernområde - utbetring av sti - Hallsetstølen til Øvre Berdalsvatnet

Innstilling frå forvaltar

Stølsheimen verneområdestyre vil gjennomføra synfaring saman med Bergen og Hordaland Turlag for å vurdera kva tiltak som kan vera aktuelle på stien i Stordalen og Berdalen. Synfaringa skal gjennomførast i barmarkssesongen 2021.

Saksopplysningar

Dokument som bakgrunn for saka:

- Søknad frå Bergen og Hordaland Turlag om å klopplegging av stien mellom Hallsetstølen og Øvre Berdalsvatnet, datert 14.12.2021


Søknaden vert vurdert etter:

- Verneforskrift for Stølsheimen landskapsvernområde 21.12.90
- Naturmangfaldlova av 19. juni 2009
- Forvaltningsplan for Stølsheimen landskapsvernområde, rapport nr. 1-2017
- Besøksstrategi for Stølsheimen landskapsvernområde, rapport nr. 1- 2020
- Sårbarheitsanalyse av utvalde lokaliteter i Stølsheimen landskapsvernområde, NINA Rapport 1559

Bergen og Hordaland Turlag (BHT) søker om å få utbeta stien mellom Hallsetstølen og Øvre Berdalsvatnet. Tiltaket er klopplegging på våte parti på stien, ca 7 – 800 meter, truleg noko mindre. I utgangspunktet ynskjer BHT å utbeta stien på heile strekinga mellom Steinslandsstølen og Hallsetstølen, men grunneigar i Modalen ynskjer ikkje tiltak på sin eigedom. BHT søker difor berre om tiltak i den delen av stien som ligg i Vik kommune. Grunneigarane i dette området er positive til tiltak som gjer stien meir lettgått og reduserer slitasje på stien.



BHT planlegg å legge solide klopper og god drenering på aktuelle våte parti på stien. Prosjektlear på stien har registrert dei våtaste partia på stien. Punkta er lagt inn i kartet som vist under. Detaljar for arbeidet vert arbeid vidare med etter saka er behandla i verneområdestyret.



Kartkopi frå søknad med markering av punkt for utbetring.


Lovgrunnlaget

«Føremålet med vern av Stølsheimen er å ta vare på eit særmerkt og vakkert vestlandsk fjell- og fjordlandskap med kulturminne, kulturlandskap og naturmiljø som er lite påverka av tekniske inngrep, samstundes som området skal kunne nyttast til landbruk, friluftsliv, jakt og fiske» jf. pkt. III i verneforskrifta. Det er forbod mot inngrep som kan endre landskapets art eller karakter jf. punkt IV nr.1. Forvaltningsmynde kan gje løyve til «Oppmerking av nye turistruter, bygging av klopper, oppsetting av vegvisar mv». Jf. punkt VI nr. 5.

Etter naturmangfaldlova (nml.) § 7 skal prinsippa i §§ 8 – 12 leggjast til grunn ved utøving av offentleg mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

Vurdering

BHT har t-merkt stien frå Stølsdammen til Steinslandsstølen, vidare til Solrenningane, over fjellet til Åsedalen, Hallsetstølen og via Berdalen og Stordalen tilbake til Steinslandsstølen og Stølsdammen. Denne turen er ein fin 3 dagars rundtur med overnatting på turisthytta i Åsedalen og Solrenningane. Turen går i variert og spanande terreng med fleire stølar, og er godt eigna som familietur med barn. Utfordringa med ferdsel gjennom Berdalen og Stordalen er at stien går gjennom eit fuktig våtmarksområde.



Kart som viser t-merkt sti Stølsdammen - Solrenningane - Åsedalen - Stølsdammen. Kopi fra Fylkesatlas.

Stien fra Steinslandsstølen til Solrenningane er utbeta med treklopper og steinsetting i vått og myrlendt terreng. Gjennom Berdalen og Stordalen er det lange parti med vått og myrlendt terreng, og BHT ynskjer no å legge treklopper på denne stien og, for å gjera stien lettare framkomeleg. I denne omgang søkjer dei om klopplegging på stein i den øvste delen av dalen, Stordalen, som ligg i Vik kommune. Grunneigaren i Stordalen er positive til tiltak på stien. Nedste del av dalen, Berdalen, ligg i Modalen kommune. Grunneigarane her ynskjer ikkje tiltak på stien.



**Tilrettelegging med stein og treklopper på stien mellom Steinslandstølen og Solrenningane.
Foto Anbjørg Nornes**

Verneforskrifta opnar for merking av stiar, og i besøksstrategien for Stølsheimen er denne stien omtalt som sti som kan vurderast for tilrettelegging. I forvaltningsplanen står det at tilrettelegging for friluftsliv bør medføra minst mogleg fysiske inngrep og motorisert ferdsel.

Kunnskapen om området er kjent gjennom arbeid med forvaltningsplanen, sårbarheitsanalyse, og besøksstrategien for Stølsheimen. Av raudlista artar er det registrert lirype, blåstrupe, sivspurv og fiskemåke i nærleiken av stien (Naturbase 28.01.2021). Fuglelivet i Berdalen og Stordalen er dårleg kartlagt, og det er difor liten kunnskap om potensielle hekkeområde for våtmarksfuglar i området. Verneområdestyret har difor tinga kartlegging frå SNO av våtmarksfuglar i Berdalen og Stordalen i 2021. Kartlegginga vil vera viktig kunnskapsgrunnlag i vurderinga av tiltak i dette området. Klopplegging og drenering av våte parti kan vera negativt for leveområdet til artar knytt til våtmarksområda.

Området er innafor Fjellheimen villreinområde, men ligg i ytterkant av villreinområdet. Området er kartlagt som sommarbeite. I sårbarheitsanalysen er sårbarheit for ferdsel i dette området vurdert som lågt i forhold til villrein. Kunnskapsgrunnlaget jf. nml. § 8 er vurdert som bra i denne saka, men det er usikkert kva verknad drenering av våte parti kan få for naturmangfaldet i området. Førre-var-prinsippet jf. nm. § 9 er difor vektlagt i denne saka.

Forvaltninga skal vurderer den samla belastninga eit tiltak kan få på naturverdiane jf. nml. § 10. Stien frå Stølsdammen via Berdalen og Stordalen til Hallsetstølen og Åsedalen er mest nytta på sommarstid. Den hellelagde stien langs Stølsvatnet, og store myrområde innover i området, gjer til at området er lite eigna for sykkel, og det er registrert lite sykkelaktivitet i området (www.strava.no). Den andre turen som går frå Stølsvatnet til Solrenningane er mykje nytta, og spesielt mykje nytta av barnefamiljar. God tilrettelegging på stien er nok ein av grunnane til at denne stien er meir nytta. Det er vanskeleg å gjera tiltak på stien gjennom Stordalen og Berdalen utan å gjera mange tiltak gjennom heile dalen, då store deler av dalen er myrområde. Det kan vera aktuelt å legge om stien på nokre parti, men det vil utgjera ein mindre del av stien. I rapporten frå sårbarheitsanalysen er det peika på at stien er utvida til brei sti gjennom våte område då turgåarar tek nye trasear for å unngå dei våtaste partia. I



rapporten vert det vist til at aktuelle tiltak kan vera steinlegging eller klopper for å redusera slitasje på terrenget. Samtidig vil omfattande tiltak med klopper og steinlegging påverke landskapet, og kan opplevast som eit større inngrep. Klopplegging i halve dalen vil ikkje løyse utfordringane med slitasje på resten av stien. I tillegg vil betre tilrettelegging på deler av stien kunne føra til auka ferdsel, og med det større slitasje på den delen av stien som ikkje er utbetra med klopper.

Etter ei samla vurdering meiner forvaltar omsøkt tiltak vil ha verknad på landskapet. Den eksisterande klopplagde stien til Solrenningane er eit forholdsvis stort inngrep i landskapet. Erfaringane frå dette tiltaket viste at klopplegging og steinlegging på nokre parti av stien berre auka trongen for meir tilrettelegging. Å gje løyve til eit tilsvarande inngrep i nabodalføret vil auke den samla belastninga på landskapet. Argument som likevel talar for tiltak på stien, er at tiltak som styrer ferdsel inn på ein stitråse vil førebyggja stor slitasje på terrenget. Forvaltar meiner difor det kan vera trong for nokon tiltak i Stordalen og Berdalen. Klopplegging eller steinlegging bør vurderast i kombinasjon med omlegging av stien for å velja beste miljømessig metode jf. nml. § 12. Det bør vera ei synfaring før igangsetting for å avgrensa tiltaket til det som er naudsynt for å hindra unødig slitasje på terrenget. Tiltaka i øvste del av dalen bør vurderast saman med eventuelle tiltak i resten av dalføret for å vurdere den samla belastninga av ferdsel i området. For å kunne ta avgjer om kva tiltak som kan gjevast løyve til, rår forvaltar til at representantar frå styret og forvaltar vert med BHT på ei synfaring på stien i barmarkssesongen 2021.



Utval	Utvalssak	Møtedato
Stølsheimen verneområdestyre	5/21	17.02.2021

Saksframlegg - Stølsheimen landskapsvernområde - Helledalen - istandsetting av bru - motorferdsel

Innstilling frå forvaltar

Stølsheimen verneområdestyre gjev Indrefjord grunneigarlag løyve til å utbetra brua i Helledalen. Arbeidet kan utførast med gravemaskin. Løyvet er gjeve med heimel i verneforskrifta for Stølsheimen landskapsvernområde og naturmangfaldlova § 48 fyrste ledd og fyrste alternativ.

Løyvet er gjeve med fylgjande vilkår:

- Brua og bru-kara skal ha same utforming og storleik som i dag.
- Steinane i bru-kara skal nyttast opp att så langt det er mogleg.
- Det kan plukkast supplerande steinar i nærområdet.
- Gravemaskin kan nyttast til murarbeidet, og for å grave ned steinfundament i elvebotnen. Graving i elvebotnen skal avgrensast til område med brufundamentet.
- Maskinarbeidet skal utførast på ein miljøforsvarleg måte som ikkje medfører ureining av vassdraget.
- Terrenngrep skal avgrensast til det som er naudsynt for å få bygd opp att bru-kara.
- Torv skal leggest til side medan arbeidet pågår, og flyttast på plass att når arbeidet skal avsluttast. Køyrespor og terrenngrep skal slettast og tilpassast terrenget.
- Verneområdeforvaltar skal vera med på synfaring i området for sluttgodkjenning av arbeidet.
- Tiltaket skal vera gjennomført og slutført innan 30. november 2021.

Det må søkjast Stølsheimen verneområdestyre og Vik kommune om løyve til transport av gravemaskin og utstyr med helikopter.

Saksopplysningar

Dokument som bakgrunn for saka:

- Synfaring på brua i Helledalen. Referat frå dialogmøte Stølsheimen verneområdestyre og rådgjevande utval, 31. august og 1. september 2020.



- Kostnadsoversikt for brua i Helledalen, Balevik 30.11.2020


Søknaden vert vurdert etter:

- Verneforskrift for Stølsheimen landskapsvernområde 21.12.90
- Forvaltningsplan for Stølsheimen landskapsvernområde, rapport nr. 1-2017
- Naturmangfaldlova av 19. juni 2009

Stølsvegen frå Indrefjorden til Negardstølen kryssar elva i Helledalen. Bru-kara til brua som går over elva er mura med stein frå området. Murane er bygd på lausmassar i elva, og elva har no grave under steinane i bru-kara. Det er stor fare for at brua og bru-kara kan rasa ut ved ny stor vassføring i elva. Grunneigarane i området ynskjer å setja brua i stand før den vert meir øydelagd. Fleire av grunneigarane har beitedyr i området, og er avhengig av brua for å få beitedyra til stølsområda.

Brua er bygt i eit område med skred- og lausmassar, og er ikkje bygd på fast fjell. Steinane som er fundamentet til brua må gravast ned under elvebotnen og festast med armeringsjern for å sikre brua betre. For å flytte på plass store steinar til fundament, og grave dei ned i elvebotnen, søker grunneigarane om å få nytte gravemaskin til arbeidet. Grunneigarane meiner arbeidet vil ta inntil 10 dagar dersom arbeidet vert utført med gravemaskin. Dei kan truleg få gjennomført arbeidet med ei gravemaskin på 1 tonn. Gravemaskina skal fraktast til Helledalen med helikopter.

Stølsheimen verneområdestyre har søkt om tiltaksmidlar til istandsetting av brua i Helledalen i 2021.



Bru i Helledalen. Kartkopi frå Fylkesatlas

Lovgrunnlaget

«Føremålet med vern av Stølsheimen er å ta vare på eit særmerkt og vakkert vestlandsk fjell- og fjordlandskap med kulturminne, kulturlandskap og naturmiljø som er lite påverka av tekniske inngrep, samstundes som området skal kunne nyttast til landbruk, friluftsliv, jakt og fiske» jf. pkt. III i verneforskrifta. Det er forbod mot inngrep som kan endre landskapets art eller karakter jf. punkt IV nr.1. Vanleg vedlikehald på eksisterande anlegg kan gjennomførast. Vedlikehaldsarbeid som medfører terrenginngrep og større utbetningsarbeid på bruer er ikkje omtalt i dispensasjonsreglane i verneforskrifta, og må vurderast etter naturmangfaldlova (nml) § 48; *Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak frå et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig...».*

Etter naturmangfaldlova (nml.) § 7 skal prinsippa i §§ 8 – 12 leggjast til grunn ved utøving av offentlig mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

Vurdering

Stølsvegane frå gardane til fjellstølane er ein viktig del av kulturlandskapet i Stølsheimen landskapsvernområde. I verneforskrifta for Stølsheimen landskapsvernområde er kulturminne og kulturlandskap ein del av verneføremålet. Istandsetting av brua i Helledalen er eit positivt tiltak for å få beitedyr inn i området, og for friluftsliv i området.



Vanleg vedlikehaldsarbeid på eksisterande anlegg er ikkje søknadspliktig etter verneforskrifta. Arbeid som medfører graving i terrenget er ikkje vanleg vedlikehald, og må vurderast som særskilt tiltak. Tiltaket vil vera positivt for kulturlandskapet og verneføremålet i Stølsheimen landskapsvernområde. Forvaltar vurderer at det er heimel for å vurdere denne søknaden etter naturmangfaldlova § 48 fyrste ledd og fyrste alternativ.

Kunnskapen om området er kjend gjennom forvaltningsplan for Stølsheimen, skjøtselsarbeid på Negardstølen, og fleire synfaringar på stien saman med grunneigarane i området. Det er ikkje registrert sårbare artar eller naturtypar i nærleiken av brua i Helledalen (Naturbase 03.02.2021). Kunnskapsgrunnlaget jf. nml. § 8 er vurdert som godt, og føre-var-prinsippet jf. nml. § 9 er difor ikkje vektlagt i denne saka.

Forvaltninga skal vurdere den samla belastninga eit tiltak kan få på naturverdiane i området jf. nml. § 10. Brua i Helledalen har vore ei viktig bru for tilkomsten til Negardstølen og fjellstølen i Åsedalen. Bru-kara er mura opp med stein frå området. Over brukara er det lagt to jernsviller med treplankar til gangbru. Sjølve brua er i god stand og kan nyttast opp att, men bru-kara må forsterkast og murast på nytt. Istandsetting av brua vil ikkje føra til nye tiltak i området, og vil ikkje gje auka belastning på området etter tiltaket er gjennomført.

Frakt av gravemaskin til området for å utføra arbeidet er ein lite ynskt metode, og må avgrensast til det som er strengt naudsynt. Auka bruk av denne arbeidsmetoden i eit verneområde, vil kunne medføra større inngrep i landskapet, og er ikkje ein tradisjonell byggemetode. I tillegg vil transporten føra til auka klimagassutslepp. I Stølsheimen landskapsvernområde er gravemaskin lite nytta som arbeidsmetode ved vedlikehald av byggeanlegg. Forvaltar vurderer tiltaket som eit unntakstilfelle, og meiner den samla belastninga av tiltaket er liten.



Bru-kar på vestsida av elva. Foto Anbjørg Nornes



Bru-kar på austsida av elva. Foto Anbjørg Nornes



Grunneigarane i området har vurdert ulike metodar for å setja i stand brua. Brua står i eit område med mykje lausmassar, og det er usikkert kor mykje lausmassar som må fjernast for å kome ned til fast fjell. Grunneigarane har difor vurdert det som naudsynt med bruk av gravemaskin for å kunne flytte og grave ned store steinar som fundament for bru-kara. Steinane som vert brukt i bru-kara vil dei binde saman med jernboltar for sikre dei mot graving ved stor vassføring i elva. Den beste miljømessige metoden jf. nml § 12 ville vore å setja murane på fast fjell og utføra murarbeidet manuelt. Det vil vera vanskeleg å få godt nok feste for brua når grunnforholda ikkje er fast fjell, og det vil vera stor fare for ny utgraving under bru-kara. Forvaltar meiner difor bruk av gravemaskin til dette tiltaket kan vurderast som ein miljømessig forsvarleg metode. Gravemaskina må fraktast med helikopter til området. For å redusera tal flygingar, bør det nyttast ei lett gravemaskin. Steinar i bru-karet skal i størst mogleg grad nyttast opp att. Ekstra steinar kan plukkast frå nærområdet. Arbeidet skal utførast slik at det vert minst mogleg køyring i terrenget.

Tiltakshavar er ansvarleg for å hindre lekkasje av drivstoff og olje under arbeidet. Kostnadar ved eventuell miljøskadar skal dekkast av tiltakshavar, jf. nml. § 11.

Konklusjon

På bakgrunn av vurderingar etter nml. §§ 8-12 og verneforskrifta, meiner forvaltar tiltaket ikkje er i strid med verneføremålet og vil ikkje påverka naturverdiane negativt. Forvaltar vurderer det er heimel i naturmangfaldlova § 48 fyrste ledd og fyrste alternativ til å gje løyve til utbetring av brua i Helledalen, og til å bruka gravemaskin til arbeidet.



Utval	Utvalssak	Møtedato
Stølsheimen verneområdestyre	6/21	17.02.2021

Saksframlegg - Stølsheimen landskapsvernområde - kvisting av skiløype i Stølsheimen og motorisert ferdsel i samband med kvisting

Innstilling frå forvaltar

Stølsheimen verneområdestyre gjev Bergen og Hordaland Turlag løyve til å nytta snøskuter til frakt av kvist til fylgjande vinterruter:

- Trefall – Selhamar
- Selhamar – Åsedalen
- Vikafjellsvegen (Rv.13) – Sendedalen – Selhamar
- Åsedalen – Solrenningane
- Solrenningane - Stølsdammen

Løyvet er gjeve med heimel i verneforskrifta for Stølsheimen landskapsvernområde punkt VI nr. 6, og gjeld med fylgjande vilkår:

- Løyvet gjeld kvisting før palmehelga i åra 2021, 2022 og 2023.
- Kvisteruta frå Rv.13 skal starta frå parkeringa ved Telegrafhytta.
- Snøskuterkøyring skal avgrensast til det som er naudsynt for frakt av kvist.
- Under køyring skal det takast omsyn til naturmiljø og friluftsliv
- Transporten skal om mogleg skje utanom søndagar og helgedagar av omsyn til friluftslivet.
- Transporten skal gjennomførast på 1 til 2 dagar.
- Dersom Røde Kors Hjelpekorps har kjentmannstur i området, skal kvistinga gjennomførast samtidig og i samarbeid med dei for å redusera motorferdsla i området.
- Til kvistinga skal det nyttast kvist/greiner frå tresortar som veks naturleg i landskapsvernområdet.
- Motorferdsel skal meldast seinast dagen før til Statens naturoppsyn v/Kristoffer Ullern Hansen (mobil 97097720). Han vil gje melding om det må takast spesielle omsyn til villrein.
- Løyve til motorferdsel og køyrebok skal vera med under transporten. Køyrebok skal fyllast ut før kvar tur.
- Rapport med utfylt køyrebok skal sendast til sekretariatet innan 1. juni kvart år i løyveperioden.



- Løyvet kan verta endra i løyveperioden dersom det i løyveplan for Nordfjella villreinområde kjem endringar på kvista vinterruter i Stølsheimen.

Saksopplysningar


Dokument som bakgrunn for saka:

- Søknad frå Bergen og Hordaland Turlag om kvisting av skitrasè i Stølsheimen, datert 21.01.2021

Søknaden vert vurdert etter:

- Verneforskrift for Stølsheimen landskapsvernområde 21.12.90
- Forvaltningsplan for Stølsheimen landskapsvernområde, rapport nr. 1-2017
- Besøksstrategi Stølsheimen landskapsvernområde, rapport nr. 1-2020
- Naturmangfaldlova av 19. juni 2009

Bergen og Hordaland Turlag (BHT) søker om å få nytta snøskuter for å kvista skiløyper i Stølsheimen som vist på kartet under. Dei søker for perioden 2021 – 2022 – 2023. Søknaden gjeld same kvisterutene som tidlegare år.



Lovgrunnlaget

«Føremålet med vern av Stølsheimen er å ta vare på eit særmerkt og vakkert vestlandsk fjell- og fjordlandskap med kulturminne, kulturlandskap og naturmiljø som er lite påverka av



tekniske inngrep, samstundes som området skal kunne nyttast til landbruk, friluftsliv, jakt og fiske» jf. pkt. III i verneforskrifta. Området skal kunne nyttast til landbruk, og det skal kunne utøvast enkelt friluftsliv, jakt og fiske. Vidare seier reglane i forskrifta at motorferdsle på land og innsjøar, og landing med luftfartøy er forbode, jf. pkt. IV nr. 4. Verneområdestyret kan gje løyve til transport av mat, brensel og utstyr til turisthyttene, og elles når særlege grunnar ligg føre jf. pkt. VI nr. 6.

Etter naturmangfaldlova (nml) § 7 skal prinsippa i §§ 8 – 12 leggjast til grunn ved utøving av offentlig mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

Vurdering

Motortransport er i utgangspunktet ulovleg i verneområdet, og skal avgrensast til det som er naudsynt. Søknaden gjeld bruk av snøskuter for transport av kvist til merking av skiløypa. Ruta som skal merkast er den same som har vore kvista i mange år. I tidlegare søknader har det vore gjeve løyve til bruk av snøskuter i samband med kvisting med heimel i verneforskrifta pkt. VI nr. 6. Eit av verneføremåla er at området skal kunne nyttast til friluftsliv. I forvaltningsplan er tilrettelegging for enkelt friluftsliv nemnt som eit positivt tiltak. Kvisting av vinterruter er tilrettelegging for enkelt friluftsliv. Forvaltar vurderer på denne bakgrunn at transport av kvist med snøskuter kan vurderast etter verneforskrifta pkt. VI nr. 6.

Kunnskapen om området er henta frå forvaltningsplan, rapportar om stølar i Stølsheimen (rapport nr. 4 Fylkesmannen i Sogn og Fjordane) og tidlegare erfaringar med snøskutertransport i samband med vintermerkinga. Stølsheimen er ein del av Fjellheimen villreinområde. Sårbarheitsvurdering i Sendedalen (NINA Rapport 1559) peikar på at auka ferdsel i trekkområda mellom vinterbeiteområde til villrein som går over Rv. 13, vil gje konflikt i forhold til villrein på vinteren og ettervinter. Kvista vinterrute gjennom dette området må vurderast nøye, og ruta bør endrast dersom det viser seg at aktiviteten er til hinder for villreinen sin bruk av området. Kunnskapsgrunnlaget jf. nml. § 8 vert vurdert som godt for og vurderer saka. Føre-var-prinsippet jf. nml. § 9 er tillagt vekt gjennom vilkår om at ruta kan verta pålagt flytta.

Fleire forskingsprosjekt viser at stiar og skiløyper kan vera barrierar som kan hindra reinen sin vandring. Nordfjella og Fjellheimen villreinnemnd har tidlegare påpeika at konfliktområde mellom villrein og friluftsliv må synleggjerast, og at det i løypeplan i kommunedelplanen for Fjellheimen villreinområde må finnast løysingar til beste for både villrein og friluftsliv. Trase for kvisteruta er i hovudsak vidareføring av ei innarbeidd merka vinterrute. I kartet vedlagt søknaden er startpunkt for kvisting flytta frå Sendedalen ved Telegrafhytta til fylkesgrensa på Rv.13. Så lenge det framleis er parkeringsplass ved Telegrafhytta, og mange har dette som utgangspunkt for turar innover i Sendedalen, vil kvisting frå fylkesgrensa gje to parallelle trasear i starten av Sendedalen. I sårbarheitsvurderingsrapporten blir det tilrådd å starte kvista vinterruta frå parkeringa ved Finnbuene, eller fortsette med kvisterute frå Telegrafhytta. Forvaltar rår difor til at kvisteruta startar ved Telegrafhytta.

Sti- og løypeplan for Voss kommune er godkjent, men det er ikkje lagt fram konkrete framlegg om kvar startpunkt på Rv. 13 for sommar- og vinterruta skal vera. Dersom dette vert ei løysing på i løyveperioden, må det vurderast om løyve til motorferdsel og kvisting må endrast. Det vert difor lagt vilkår om at løyve kan verta endra i løyveperioden.



Sendedalen er eit mykje nytta friluftsområde, og om vinteren er det mange som går dagsturar på ski innover dalen. Det er viktig å ta omsyn til dei strenge reglane for motorferdsel slik at omfanget av uro for folk og dyr blir minst mogleg. Grunneigarar med landbruksnæring i området har snøskutertransport inn Sendedalen kvart år, og det er gjeve løyve til motorferdsel i samband med tilsyn av kraftinstallasjonar. Voss Røde Kors Hjelpekorps har tidlegare hatt kjentmannsturar i området, og kombinert kjentmannstur med kvisting for BHT. Dette har vore god praksis som bør vidareførast dersom Røde Kors Hjelpekorps skal ha kjentmannstur i dette området.

Forvaltninga skal vurdera den samla belastninga på området og økosystemet jf. naturmangfaldlova § 10. Den totale motorferdsla i området har vore aukande siste åra, og forvaltninga vurderer det som viktig å avgrensa ferdsla for å unngå for stor belastning på naturmiljøet. I forvaltningsplan er det trekt fram at verneområdet skal vera eit område der enkelt friluftsliv kan utøvast utan unødig motordur. Avgrensingane på motorferdsle er gjevne ved å setja vilkår om samkøyring der det er mogleg, og ta omsyn til villreinen ved merking.

Nml. § 11 er ikkje vurdert i denne saka, då tiltaket lite truleg vil føra til miljøforringing.

Det er mange kilometer som skal merkast med kvist, og det vil difor vera naudsynt med transport av kvistar. Frakt av kvist med snøskuter vil vera ein praktisk god løysing som ikkje fører til varige spor i terrenget. Det vert vurdert som ein miljøforsvarleg metode jf. nml. § 12, då dette ikkje påverkar verneverdiane utover den tida transporten pågår.

På bakgrunn av vurderinga etter nml. §§ 8-12, og verneforskrifta, vurderer forvaltar transporten til ikkje å vera i strid med verneføremålet, og meiner det kan gjevast løyve til transport av kvist til merking av vinterrute.



Arkivsaksnr: 2020/17392-0
Sakshandsamar: Anbjørg Nornes
Dato: 01.02.2021

Utval	Utvalssak	Møtedato
Stølsheimen verneområdestyre	7/21	17.02.2021

Stølsheimen verneområdestyre - prioritering av tiltak og bruk av tiltaksmidlar 2021

Innstilling frå forvaltar

Stølsheimen verneområdestyre prioriterer tiltak og tiltaksmidlar for 2021 etter fylgjande tiltaksplan:

Revidert budsjett 2021		
Kort omtale av tiltak	Budsjett	Revidert budsjett
Framande tresalg		
Skjøtselshogst gran på Tenne	20 000	20 000
Planlegging - skjøtselshogst gran Finna fjorden	50 000	50 000
Finnen - rydde hogstområde frå tidlegare granrydding	20 000	
Skjøtsel av kulturlandskap		
Prosjektleiing	40 000	36 000
Sylvarnesdalen - rydde sprake, slått selbøen	15 000	10 000
Smørklepp og Fidnaselbøen - vedlikehaldsskjøtsel	10 000	5 000
Negardstølen - rydde oppslag av krattskog	10 000	5 000
Rotteskardet - rydde oppslag av krattskog	4 000	4 000



Fossesete - slått bregner, rydde oppslag av lauv	8 000	4 000
Skjøtsel i Finnabotnen jf. Skjøtselsplan	30 000	20 000
Ytstestølen	10 000	
Finden gard. Rydde beite ved Vettlestraumen i 2021.	30 000	30 000
Skjøtsel av stølsvegar og stiar		
Restaurering av buføresti frå Ålrek til Skardsvatnet	180 000	
Utbetring brukar Hedledalen	200 000	200 000
Sti Finnen - Skjemmedalen	10 000	
Sti til Åsehidleren	3 000	
Sti Finnabotnen - Fagerdalen	10 000	10 000
Tilretteleggingstiltak		
Kai i Finnabotnen	50 000	40 000
Informasjonstiltak		
Skilt og innfallsport Framfjorden	100 000	100 000
Planlegging informasjonspunkt Ornevik	100 000	100 000
Design temaskilt 6000 x 6 - 36 000 + kart 24 000	60 000	60 000
Innkjøp skilt (skiltplate og cortenstål)	50 000	
Montering av 9 skilt (Høyanger og Vik) ca 25 000 pr. skilt	230 000	206 000
SUM	1 240 000	900 000

Forvaltar kan i samråd med styreleiar fordela tiltaksmidlar mellom prioriterte tiltak innan for budsjettamma.

Saksopplysningar

Dokument som bakgrunn for saka:



- Midlar til forvaltning av verneområde 2021. Miljødirektoratet, Elektronisk søknadssenter
- Forvaltningsplan for Stølsheimen landskapsvernområde, rapport nr. 1 - 2017

Miljødirektoratet har tildelt midlar til drift av verneområdestyret og tiltaksmidar til planlagde tiltak i 2021. Miljødirektoratet har fylgjande tildeling til Stølsheimen verneområdestyre:

- Drift av styret: kr. 170 000
- Kartlegging av naturtypar i Finnen: avslag
- Evaluering av skjøtsel på stølane i Stølsheimen: kr. 50 000
- Ny nettside for Stølsheimen landskapsvernområde: kr. 60 000
- Tiltaksmidar: kr. 900 000

I statsbudsjettet er det sett av tiltaksmidar til forvaltning av verneområde. Det overordna målet for bruk av tiltaksmidlane er at naturtilstanden i verneområda vert oppretthalde og betra, og ynskja folk velkomen inn for gode naturopplevingar. I den nye strategien for 2020-2025 vert det prioritert tiltak i verneområde der verneverdiane er trua. Klimaendringane er venta å føra til auka stress for mange artar og naturtypar i verneområde, og kan gje endringar i samansetning av artar. Døme på truslar på verneverdiane er attgroing, forstyrringar og ureining.

Stølsheimen verneområdestyre behandla tiltaksplan for 2021 for Stølsheimen landskapsvernområde i sak 38/20, 02.12.20. Det vart sendt søknad til Miljødirektoratet om kr. 1 240 000 i tiltaksmidar i tråd med godkjent tiltaksplan.

Miljødirektoratet har lagt vekt på fylgjande forhold i tildelinga av tiltaksmidar i 2021:

- Uttak av framande treslag. Det er ei nasjonalt satsing på uttak av framande artar.
- Skjøtselstiltak.
- Tilretteleggingstiltak i område som har godkjent besøksstrategi.

Vurdering

Forvaltar rår til at tiltaksmidlane vert fordelt på tiltaka i tråd med føringane til Miljødirektoratet. I innstillinga er set framlegg om endring på fylgjande tiltak:

- Uttak av framande treslag – utsett rydding av tidlegare hogstområde i Finnen. Dette kan eventuelt planleggjast saman med hogst i området i 2022.
- Skjøtsel av kulturlandskap – reduksjon i tiltaksmidar til stølsområde der det er sett i gang skjøtelsarbeid. Det vert ikkje sett i gang skjøtsel i nye område. På bakgrunn av mindre skjøtelsarbeid, vert det også reduksjon i midlar til prosjektleiar.
- Skjøtsel av stiar – Skjøtsel av nye stiar vert utsett.
- Restaurering av buføresti Ålrek til Skardsvatnet – tiltaket utsett til 2022. Det er skrive kontrakt med Stibbyggjaren AS på dette prosjektet, men det er usikkert om arbeidet kan gjennomførast på grunn av smittesituasjonen med covid 19.
- Tilretteleggingstiltak – det er ikkje lagt fram planar for utbetring av kaien i Finnabotnen endå. Det er difor framlegg om reduksjon i midlane til dette tiltaket.
- Informasjonstiltak – Det er viktig å halda fram med informasjonstiltaka som er sett i gang. Innkjøp av fleire skilt enn dei som vart kjøpt inn i 2020 kan utsetjast til 2022, og montering av nokon av skilta kan utsetjast til 2022.



Det er inngått avtale med Nils Kvamme om skjøtsel i landskapsvernområde i åra frå og med 2020 til og med 2023. Avtalen er inngått med atterhald om finansiering. Nils Kvamme er prosjektleiar for tiltaka og organiserer skjøtselsarbeidet i tråd med prioriteringar i tiltaksplanen, og i samarbeid med forvaltar. Skjøtselsarbeidet startar opp etter det er skrive avtale med grunneigarar i dei aktuelle områda.

På bakgrunn av erfaring med tiltak tidlegare år, kan det verta endringar på kva tiltak som vert gjennomført og kostnadane med tiltaka. Forvaltar rår til at forvaltar i samråd med styreleiar kan fordela tiltaksmidlane mellom prioriterte tiltak og innanfor budsjettamma.